



**Sogn og Fjordane
krets av NSF**



Styremøte 13.06.2012 , Krambua Skei kl. 18:00

Til stede: Erlend, Tone, Frida, Eirik, Sjur

Fråfall: Wenche og Mats

Sak 1, Status vekst

Det har vore to møter for å prøve å starte nye speidargrupper. 7 juni var det speidaraktivitetar for born og foreldremøte i Sogndal. Og 11. juni var det arrangert liknande i Dale. Det kom om lag 20 foreldre og litt fleire born begge stader. I Sogndal var det ein del foreldre som viste interesse for speidaren og der er det nokon som vil ta på seg å vera gruppeleiar. Dette er meir usikkert i Dale. I Sogndal vil de verte eit foreldremøte til onsdag 20. juni.

Sak 2, Økonomi

Gjennomgang av den siste økonomiske aktiviteten som er sunn.

3. Status gruppene

Gjennomgang av alle gruppene i kretsen. Medlemstal, vekst med meir. Kven ønskjer besøk av kretsstyret? Kretsstyret vil snakke med aktuelle grupper om verving og planar for hausten. Vi er også interesserte i å bidra med eit opplegg for å få tak i både foreldre og ungar.

4. Eventuelt

Speidarombodet må sjekke at alt er ok i forhold til Jota/Joti til hausten.

Sivert Birkeland vert kalla inn til møte i kretsstyre for roverane frå hausten som observatør med talerett då Sjur Hamre har søkt om permisjon.

Styret jobbar med å få på plass leiartrening til hausten. Det er mellom anna sendt ut eit skjema til gruppene der vi ber om tilbakemelding på kva kurs leiarane i gruppene har.

Det vert PEFF-kurs 14-16 september i Nordfjord.

Neste styremøte: Oktober

Møte slutt ca. kl. 21:00

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: v/Erlend Klakegg Bergheim, Riverdalen 12, 6863 Leikanger

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no